

En lokal «Petter Smart»

- Sett i lys av undertittelen i navnet på foreningen vår, *NORSK FORENING FOR LANDBRUKSTEKNISK HISTORIE*, mener jeg følgende historie er kvalifisert for å komme på trykk i *Stålstuten*. Artikkelen sto å lese i *landbruksbladet «Bondevennen»* nr. 50/51 1985.

- Historien gir et godt bilde av hvordan mange har klart seg selv, ofte med svært enkle midler, også hva mekanisering på gården angår. Artikkelen er skrevet av *Tor Time*, forøvrig «rasende godt» skrevet etter min smak. Dessverre har det ikke lyktes å få oppsporet forfatteren for å innhente tillatelse til gjengivelse. Håper derfor at *Hr. Time* tilgir min brøde, om han skulle lese dette.

- Trygve, som omtales i artikkelen døde for noen år siden. Under dødsbo-auksjonen kom det for en dag at Trygve hadde vært en meget aktiv og alsidig kar, ihvertfall på det mekaniske området. Uthusene var nærmest fullpakket av hjemmelagede maskiner og redskaper. Av utvalget kan nevnes en selvbygget tohjulstraktor, påhengsmotor for båt, snekkerverksted med allsidig utvalg av tilhørende maskiner, sagbruk med mye, mye mer. Et eldorado for folk som er plaget av interesse for tekniske rariteter. Det var på denne aksjonen jeg fikk kjøpt Trygg råoljemotoren som det i ettertid har vist seg at Øveraasen kun har levert det ene eksemplaret av (Omtalt i *Stålstuen* tidligere.)

Oddvar Sorli.

CITROEN OG FURUKONGLAR.

Av Tor Time.

- Å vera undervegs, ja i grunnen er ein det støtt. Men somme gonger kjennest det meir verkeleg og intenst, slik som denne siste septemberdagen: - Eg var på veg frå det skoddesveipte barndoms Jæren, og attende til kvardages austlandsverd mellom åsar, vatn og trauste skogar.

- Ei slik ferd på tvers av Norgeskartet er for meg vorten ei merkeleg blanding av fortid, nåtid og lengt inn i ei nær, heimsleg framtid. Men kanskje er det mest monotoni: Bilduren som

går ein i blodet, dåse musikken der sjølv Mozart sine himmelvende krusedullar bare halvt maktar å lyfta ein frå det kroppslege og timelege, vegen som strekkjer seg mest utan ende mellom furulegg og over mo...

- Ja, eg tek oftest den indre leia gjennom Evje, Agder, Åmli og Gjerstad. Her eig eg vegen og landskapet omtrent åleine.

- Fem miler kortare veg, og ein har stunder til skikkelig rast, noko ein ferdmann skal unna seg.

- Den unders milde mjuke haustdagen tek til å lakka. Eg durar framover riksvegen, og skuggar frå ei låg sol lagar zebrastriper på svart asfalt. Eg tenkjer så smått over synene som flakkar framom, og over det løgne landbruket som finst i mange av utkantane: Dette med syreblokke - høyr på gjennomslitne hesjer, små løer og ein stor firehjulstrekkar på tunet. Kva slags drift er dette, når Jæren flyt over av mjølk og honning? Midt inni undringa passerer sceneriet ei gammal vakker jernbanebru med minne om andre tider og verdjar. Den nye vegen er rett som ei stripe, og brått kva er det eg ser? I farten trillar eg langt forbi før eg får stoppa og summa meg: Var det ikkje ein gammal Ford som frampart på ein liten traktor, og ein koseleg kar ved sida? Jaudå, eg får stogga, snudd og gjer meg klar til ein drøs på den vesle jordflekk der midt mellom fure, veg og elv. Den turrspreke mannen som lesser eplekål opp på tilhengjaren helsar meg med et blidt mæle. Orda har mest som ein dåm av furukonglar, det er noko ekte og gjestfritt over måten han set frå seg gaffelen på.

- Det er som det lyser av det godslege åsynet, mest som det ville seia: Her er ein vegfarande som vil fretta, sakte er eg gammal, men likevel har eg stunder nok. Jau, eg helsar og bær fram det vesle ærendet mitt:

- Eg for nett forbi, og såg så grandgiveleg nasen på ein gammal A - Ford ute på åkeren, kunne eg få sjå lit nærare på doningen? Tykte du det var ein Ford? skratta den gamle så fjågt, det høyrdest ei trilling av halvt teledølske r - ar som kritla så lysteleg inni målet hans. Ja, var det ikkje likt seg! Men ein Ford, nei der vart eg lurt! For dette var jo ein CITROEN, bare radiatoren var teken frå ein Ford, og lak

gjorde han ennå, nei det vart visst ikkje noka greie på den. Då var nok Citroen noko anna, det tok eg til å skjønna. Å nei, trudde du at traktoren var gammal! Eg hadde mistydd, på ny. For traktoren hada han bygd sjølv, og det fyrst på 70 - talet. Eg sette han saman av ein 29 modell lastebil, du ser det på rama, og på bakhjula, dei er 19 - toms, og breiare enn personbilhjula framme. Dekka er gode noi dei, til småkjøring, eg har plog som passsar, og pløyinga går greitt. Aldri har eg punktert, og eg spinner ikkje når eg skal opp på låvebrua heller. Og så måtte eg forstå at hjula framme, dei var noko heilt omfram: 19 - toms tallerkenfelgar frå 1924. Umulege å få tak i, må du tru. ... Her kom ein tannlege og ville kaupe dei til ein gammal bil han bygde opp, men eg sa: Du kan sjå deg om etter nokre gamle Skoda - felger, dei passsar akkurat til muttrane, for det visste eg, men trur du han ville?

- Heidersmannen Trygve, for det var hans trauste namn, han legg ut i det vide og det breie, - om doningen spesielt, - og om ver, vind og årsens grøde spesielt. Men mest går det om farne dagar, tida er liksom eit utvida omgrep, hendingar 40, 50 og 60 år tilbake får oppstode og nytt liv, nett her og nå. Han Trygve peikar på viftreim og allslags detaljar, for han er det kjærte og nært at han bygde magnet - tenninga om til coil. Eg tykkjer at det er gildt å prata litt bilteknisk bakover i historia, at ein dreiv og rota med gamle bilar i ungdomen er ikkje støtt til fånyttas heller. Om doningen sviv? Kva trur du? Han stig omstendelig opp i det flate, fine bilsætet på trelemmen. Det rumlar og sviv og går som ei klokke, nett som skulle det vore for 55 år siden. - Jau, han tok sertifikatet i 1930, og då var han 27 år. Han hadde kjøpt seg ein svær

amerikansk Excelsior frå Ohio, 1917 modell. For 150 kr... men det var mykje pengar den gong. Likevel, han trong ein bil når han for kringom i bygdene som mekanikar. Og enkelt var det å få sertifikatet, sjølv om sakkjendige, kaptein Hektoen i Arendal var ein striks kar. Men det var bare å køyre ein tur, det gjekk bra, og så var alt i orden. Og så kjende han bilen eg hadde kaupt, veit du, han visste kven som hadde hatt han, og når han hoppa ut av gir, så sa han kva eg skulle gjere for å få stonga på plass. Det var liksom enklare for i tida. Etter fem år vart han lei den digre amerikaren, og fekk bytt han i ein orliten Citroen, ein slags sportsmodell med svigermorsete, frå 1924. Og den hadde altså vorte traktor?



undrast eg. Å nei, bilen min står i loa, eg har ikke køyrt han sidan 1970, då ville dei ha doningen registrert som varevogn, og eg ville ikkje gå med på å betala vegavgift som varevogn på den vesle tassen. Så var det like godt å setja han på stallen. Nei, det var ein lastebil - Citroen som hadde vorte omskapt til traktor, ein eg fekk kaupe brukt for 15 år sidan!

Eg slo frampå om å få sjå dokkebilen hans, kanskje her kunne vera et skikkeleg veteranbilfunn? Men Trygve hadde fleire overraskingar i vente: Kan skjona eg skul-

le få sjå bilen, det som var til sjåande då, for han var stabla så heilt inne mellom snofræsar - tutar og alt muleg. Og bilen var nok ikkje til sals heller, det hadde nok vore spurlag frå mange for meg au, ja tenk ikkje. Men bilen var igrunnen litt ombygd, den au. Bare rama, motoren og dei fine, granne tallerken - hjula var att forstod eg etterkvart, skjermar, panser og svigermorsete, ja alt lausøyre var nok spreidd for tusen vindar. Men eg fekk sakte sjå vidunderet, hjelpesamt grove fram av Trygve, alt mens han la ut i det vide og det breie: Bilen hadde stått goymt under krigen, og

starta opp på fyrste hogget i - 45. Eg hadde bare med meg eit nyladd batteri. Men så tykte han at bilen vart for liten for reiskapskassen, og fann på at

her måtte ombygging til. Gjorde alt sjølv, men det var vondt å få tak i karosseriplater den gongen. Men zink var det ei råd med, og nye skjermar og breidt panser kom på plass, heimgjort og solid. Denne zinken hadde for vane åkrolla seg i solsteiken, det var det einaste. Og så sydde han seg kalesj, og fekk festa den mot den fine, delte frontruta når verlaget var surt. Sjå her, kalesjen er like god, den og. Ja, bilen var hans eigen, fullt og heilt. Usliteleg, uerstatteleg, -og useljande. Hadde gått 3 - 400 000 kilometer, den vesle motoren på 8 hestar. Bare bora i 1946, med nye

stemplar. Og veiven med plaskesmørjing frå bonn - panna, det var eit einestående system, ingen fare for at olja tetta seg der. Bare to bærelager, og viss det vart slark, la han bare innpå eit par skiver framme, og teita til.

- 83 - åringen Trygve, han fortalde, og var så i laget at det var vondt å koma seg vidare. For han betydde det lite at bilen

eigentleg var vandalisert. Det hadde rett nok vore ein Citroen -forhandlar innom o sagt at - om han ikkje hadde bygd om bilen, så skulle han ha fått ein splitter ny bil i byte. Men kva skulle han så med den Slik tok eg farvel med mekanikar Trygve. Haust-dagen var ennå varm og mild, og tilbake på troppa stod denne furuskogens Reodor Felgen så og seia i eigen person. Han lyfte handa og vinka...

- / -

Stålstaten m. 13. juli 1993

BOK OM B.M.B PRESIDENT OG O.T.A./SINGER TRAKTORER

Av OB

- I fjor leste jeg i et engelsk blad at Joe Paget har skrevet en bok om BMB President traktorene.

- Jeg bestilte én, og den er absolutt lesbar. Senere har han også skrevet en bok om O.T.A./Singer. Jeg har nettopp fått den fra England, og den er like interessant og detaljrik som den første. Han skaffer også dekalering og kopier av instruksjonsbøker og delkataloger. Se omtale og annonse bak i bladet.

TIL GAMMELTRAKTORENS VENNER

Og spesielt til dere som kjente han Anders Storrusten.

- Jeg vil takke for at Anders var en av dere. Han hadde mye moro med dere, mye å prate om og mye å lære om gamle traktorer og stasjonærmotorer.

- Sist desember fikk han oppfylt et mangeårig ønske: han fikk tak i en Hürlimann traktor (1962 modell). Det var artig å sjå hvor kry han var av den. Jeg vet ikke hvor mange timer han pusset og polerte, men de var mange. Jeg spøkte ofte med at det

må være fint å være tredve år gammel, for da får en så mye oppmerksomhet!

- Samlinga hans står åpen så dere kan sjå den, og jeg går ut fra at Trond Aarnes, Terje Steineide eller Pål Steineide gjerne vil være med og vise dere rundt.

- Til sist vil jeg takke for alle gode hilsener og blomster jeg fikk av dere. Jeg håper det er mange som vil ta seg en tur innom, når de er i nærheten, for å sjå på traktorene, motorene og alle småtingene som han Anders har samlet i hop de siste åra.

Hilsen Adi Bertoli